

Prosjekt- og utviklingsmidler

Sluttrapport Spel for alle - "Kasino mobil" (Ref #c4ef53b5)

Tildelt beløp: **100 000**

Varighet: **Ettårig**

Kategori: **Innsatsområder**

- Biblioteket som møteplass
- Nye formidlingsmetoder

Opplysninger om søker

Organisasjonsnavn / nr

Seljord bibliotek / 964963738

Brøløsvn. 13 a

3840 Seljord

<http://www.seljord.kommune.no/>

Institusjonens leder

Britt Haugland

Ansvarlig kontaktperson (søker)

Britt Haugland

35065154/56 / britt.haugland@seljord.kommune.no

Mål for prosjektet

Vi har ikkje lenger bokbuss i Telemark. Nå ynskjer vi oss andre mobile tenester som kan utvide biblioteket som begrep og samfunnsaktør uavhengig av det fysiske, konkrete bibliotekrommet. I våre kommunar, der biblioteka har lite funksjonelle lokale, må vi finne andre løysingar for å gje innbyggjarane nye tilbod.

Rapportsammendrag

Gjennomført tredelt prosjekt med til dels ulike målgrupper:

1. Kasino mobil:

Primær målgruppe var eldre på og utanfor institusjon, samt tilsette i aktuelle institusjonar. Utover dette ville vi gjere biblioteket sitt nye tilbod at utlån av mobilt spelutstyr og spel kjent for andre lag/organisasjonar.

Tiltak/aktivitet: Vi har sendt ut invitasjon/informasjon til institusjonar og aktuelle lag/organisasjonar og gjennomført to infomøte/demonstrasjonar, demonstrasjon på eldredagen, demonstrasjon på institusjon for tilsette (etter avtale) og orientert om tilbodet til grendelag/velforeiningar. To ettermiddagar har utstyret vore montert opp i idrettshallane (Granvin og Kviteseidhallen) og tilgjengeleg for bruk for alle. I tillegg har kulturhuset lånt utstyret til aktivitetsdag i samband med Hallo Venn-arrangement, og vi skal markere Nordisk speldag nå i november.

Erfaring: Det har gått trått, institusjonar gjev inntrykk av å vere positive og ynskje besøk og innføring, men det stoppar der. Det må vere minst ei eldsjel på institusjonen for å få aktiviteten i gang og så langt har vi ikkje fått tak i dei rette

Prosjekt- og utviklingsmidler

Sluttrapport Spel for alle - "Kasino mobil" (Ref #c4ef53b5)

personane. Men vi kjem til å prøve meir i løpet av vinteren, vi har framleis tru på at dette er eit tilbod dei kan ha glede av.

Utstyret: Vi har kjøpt inn teknisk utstyr og spel, og lagt til rette utstyret med detaljert rettleiing og merking for montering og bruk. Dette har fungert veldig bra og etter intensjonen, det går greitt å kople og bruke også for "ikkje-tekniske" folk. Vi hadde tenkt å inkludere TV-skjerm i det mobile utstyret til utlån, men fann ut at det ikkje var hensiktsmessig. Dei aller fleste aktuelle lånarinstitusjonar har alt eigna skjermar.

2. Ressursbank/helsebibliotek:

Mål og målgruppe: Oppgradere, styrke og tilretteleggje biblioteka sine samlingar innan emna fysisk og psykisk helse/livsstil/trening/mosjon/mat/demens o.a. Samlinga er til ordinært utlån, og sidan alle biblioteka i Vest-Telemark har felles katalog og dermed god felles utnytting av bokstamma, er dette ein ressurs for m.a. helsepersonell under utdanning og vidareutdanning i regionen.

Tiltak/aktivitet: "Helsebibliotek": Vi har kjøpt inn ca 40 titlar (bøker og DVD), og i tillegg ca. 30 e-bøker innan emnet. Materialet blei spesielt merka Liv & lyst og skilt ut i eigne hyller på biblioteka. Delar av samlinga blei også plassert ut på kulturhus/treningscenter og fleirbrukshall som eit depotbibliotek. Vi kjøpte flyttbare hyller, laga plakatar, infoskriv og bokinnstikk, og hadde eit enkelt utlånssystem for sjølvbetening. Vi laga også lister over e-bøkene. Tanken var å syne fram bibliotektilbodet på nye stadar.

Erfaring: Inntrykket vårt er at utlånet innan emnet auka på biblioteket, medan det registrerte utlånet frå depotbiblioteket ikkje var så høgt. Folk kan likevel ha brukt bøkene på staden, og noko er nok bare tatt med utan å vere notert. Nokre få bøker er framleis sakna, men det rekna vi med ville skje.

3. Møteplassar:

Mål og målgruppe: Gjennomføre temamøte med tema fysisk/psykisk helse i samarbeid med andre aktuelle aktørar. Møteplassen kan vere bibliotek, grendehus eller andre forsamlingslokale, emna skal vere av ålmenn interesse og opne for alle.

Tiltak/aktivitet: Vi valde å inngå samarbeid med Seljord Røde Kors/Telemark Røde Kors om arrangementa Humanitært forum. Vi har gjennomført to temamøte, Mestring i hverdagen og Livsgnistring som fornybar energi, med til saman i underkant av 100 frammøtte. Foredraga vart halde på vårt regionale kulturhus Granvin.

Erfaring: Både biblioteka og Røde Kors har fått positive tilbakemeldingar på at vi samarbeider. Opplegget har fungert fint og dette er noko vi ynskjer å halde fram med dersom vi finn eigna tema.

Framtida:

Vi vil prøve ny runde mot aktuelle institusjonar for å promotere spelaktivitet. Vi ser også at frivillige, som driv aktivitetar på t.d. asylmottak, må få informasjon om at vi har dette tilbodet.

I medievalet vil vi framleis ha fokus på tema helse i vid forstand, og materialet vil framleis få eiga merking.

Samarbeidet med Røde Kors om aktuelle temamøte vil halde fram.

Prosjekt- og utviklingsmidler

Sluttrapport Spel for alle - "Kasino mobil"

Start- og sluttdato for prosjektet

Prosjektvarighet	Fra dato	Til dato
Ettårig	01-09-2014	01-09-2015

Samarbeidspartnere

Organisasjon/institusjon	Formell avtale	Rolle
Kviteseid folkebibliotek Kviteseidgt. 13 3850 Kviteseid	nei	Biblioteksjef Kviteseid folkebibliotek
Granvin kulturhus 3840 Seljord	nei	Leiar Granvin kulturhus
Kviteseid fleirbrukshall 3850 Kviteseid	nei	Sektorleiar med ansvar for fleirbrukshallen
Seljord kommune, folkehelsekoordinator Brøløsvn. 13a 3840 Seljord	nei	Folkehelsekoordinator i Seljord
Eldrerådet i Kviteseid Kviteseidgt. 13 3850 Kviteseid	nei	Kontakt mot potensielle brukargrupper.
Seljord Røde Kors Ordalsvegen 324 A 3850 Kviteseid	nei	Samarbeid om temamøte under Humansitært Forum

Vedleggsoversikt

Beskrivelse

Prosjektregnskap